



Robert Smith-Hald er ein gjengangar i kjedlaren

I kveld kan ein høyra og nyta to topp-musikarar i Dønhaugkjedlaren og Magne Huglen strekar under kor viktig det er at bygdefolk og andre gjer seg bruk av eit tilbod som dette. Robert Smith Hald og ORBO presterar toppmusikk for alle aldersgrupper. Kjedlaren opnar klokka 21 og det er musikkstart ein halv time etterpå.



Dette er ORBO, ikkje minst kjent frå bluesfestivalen i Skånevik

-- Viss ein ynskjer at kjedlaren framover skal presentera musikk av dette kaliber, må gjestene faktisk gjera seg bruk av tilbodet, seier Huglen og minnar om at det er ledige plassar.

- Det er ikkje nok å vera stolt av og visa til at Uskedalen har mange gode tilbod både til turistar og fastbuande, ein må faktisk nytte tilbode hvis dei skal oppretthaldast., slår han fast.

Billettprisen burde heller ikkje skremma nokon, den er 150 kroner og Huglen meiner det er 50 prosent av kva dei burde kosta. Billettar blir også selde i døra.

Verten på Dønhaug har gjort det godt på ei rekkje låvedansar, men han har i stor grad subsidiert konsertar i kjedlaren med inntekta frå den store arenaen.

Av Ola Matti Mathisen